



Evje og Hornnes kommune.

# **Handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring i grunnskulen**

**2021-2023**



**Saman i trivsel og tryggleik.  
Aktiv i læring og meistring**

Vedtatt i kommunestyret 10.12.2015 sak nr. 93/2015

**Justert handlingsplan vedtatt i administrativt vedtak desember 2021**

## **Innhald.**

### **Innleiing**

- 1. Mål og målgruppe**
- 2. Felles pedagogisk plan for arbeidet i skulane.**
- 3. Tiltaksområde i handlingsplanen**
  - 3.1. Tilpassa opplæring**
  - 3.2. Fysisk aktivitet**
  - 3.3. Sosial dugleik**
  - 3.4. Samarbeid med heimen**
  - 3.5. Arbeid med eit trygt og godt skolemiljø**
  - 3.6. Rusførebygging**
- 4. Plan for Hornnes barneskule**
  - 4.1. Pedagogisk plattform**
  - 4.2. Tiltak**
  - 4.3. Årshjul**
- 5. Plan for Evje barneskule**
  - 5.1. Pedagogisk plattform**
  - 5.2. Tiltak**
  - 5.3. Årshjul**
- 6. Plan for Evje ungdomsskule**
  - 6.1. Pedagogisk plattform**
  - 6.2. Tiltak**
  - 6.3. Årshjul**
- 7. Kvalitetssikring og evaluering**

## **Innleiing**

Handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring gjeld for grunnskulen i perioden 2021-2023.  
Planen er ein temaplan i planstrategien til kommunen.

Planen tek utgangspunkt i nasjonale mål for opplæringa, og må sjåast i samanheng med skuleeigar si plikt til å arbeide med kvalitetsutvikling, jamfør opplæringslova § 13-3e og opplæringslova §13-10 ansvarsomfang for kommunen.

Handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring inneholder felles satsingsområde for grunnskulesektoren og skulane sine eigne prioriteringar. Satsingsområda er med heimel i Opplæringslova.

Handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring er justert i tråd med Læreplan for Kunnskapsløftet LK2020.

Utgangspunkt for handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring er eit felles samarbeidsprosjekt mellom skulane og barnehagane, SAMBA prosjektet, som blei avslutta i 2004. Samt «Sosial handlingsplan for skulane og barnehagen i tidsrommet 2004-2008». Det er etter dette utarbeid eigen handlingsplan for arbeid med trygt og godt barnehagemiljø i barnehagane i kommunen .

Handlingsplan for trivsel, tryggleik og læring 2021-2023 byggjer på tidlegare handlingsplan, og er oppdatert i tråd med gjeldande regelverk og praksis i skulane.

Alle skulane har fokus på læringsmiljø, tilpassa opplæring og systemarbeid.

## **1. Mål og målgruppe.**

### **Hovudmål**

Handlingsplanen skal skape gode relasjonar mellom barn / unge, tilsette og foreldre i skulen, slik at dei har gjensidig respekt, syner omsorg og får gode fellesskapsopplevelingar.

Vidare må handlingsplanen også leggje grunnlag for meistring i eit godt læringsmiljø.

#### **Tiltaksområde i handlingsplanen**

1. Tilpassa opplæring.
2. Fysisk aktivitet.
3. Sosial dugleik.
4. Samarbeid med heimen.
5. Arbeid med eit trygt og godt skolemiljø
6. Rusførebygging

#### **Målgruppe**

Elevar, tilsette og foreldre.

*Samarbeidspartnarar:*

Helsejukepleiar, PP-teneste, barnevern og politi.

## **2. Felles pedagogisk plan for arbeidet i skulane**

Felles pedagogisk plan for arbeidet i skulane vedtatt i kommunestyret sak nr.46/2014

Nasjonale sektormål for skulen er:

- Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
- Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial
- Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
- Alle lykkes i opplæringa og utdanninga

### **Visjon**

Visjon for skulesektoren er :

- Saman i trivsel og tryggleik.
- Aktiv i læring og meistring.

### **Målsetting og teikn på god praksis.**

| Tema               | Mål   | Teikn på god praksis  |
|--------------------|---|---|
| Tilpassa opplæring | Elevane skal oppleve utfordring og meistring gjennom tilpassa opplæring                         | <ul style="list-style-type: none"><li>- Elevane skal oppleve at arbeidet med tilpassa opplæring skjer på eit breitt felt</li><li>- Elevane får hjelp til å verte medvetne og ta i bruk sine sterke sider i samband med læringsstrategiane som høver for dei</li><li>- Lærarane drøftar kvar einskild elev med tanke på eit så sameint opplegg som mogleg for elevane</li><li>- Elevane er kjende med læringsmåla og kva som skal til for å nå desse</li><li>- Elevane får ta i bruk ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla</li><li>- Elevane kjenner og bruker ulike læringsstrategiar for å nå læringsmåla</li><li>- Elevane deltek i planlegging av arbeidet mot læringsmåla</li></ul> |
| Godt læringsmiljø  | Skulen skaper gode relasjonar mellom lærar og elev, og legg til rette for eit godt læringsmiljø | <ul style="list-style-type: none"><li>- Elevane opplever at det er tydelege vaksne i skulen</li><li>- Elevane opplever lærarane som tydelege leiatar i skulen</li><li>- Elevane opplever kompetente lærarar</li><li>- Skulen er open for nye samarbeidsformer</li><li>- Klassedelingstalet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at vedtak om klassedeling er oppheva</li></ul>   |

| <b>Tema</b>                                    | <b>Mål</b>   | <b>Teikn på god praksis</b>   |
|--|--|---|
| Grunn-leggjande dugleik i lesing               | Elevane har ved utgangen av 10. trinn opparbeidd seg grunnleggande dugleik i lesing som gjer dei godt rusta til å meistre vidare utdanning og til å ta del i samfunnet.        | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Resultat på nasjonale prøver i lesing ligg på eller over landsgjennomsnitt</li> <li>- Resultat på eksamen 10. trinn ligg på eller over landsgjennomsnitt</li> <li>- Skulen bruker eit system for å følgje elevane si leseutvikling gjennom alle 10 åra i skulen</li> <li>- Lærarane har høg kompetanse innan leseutvikling og kan på den måten agere rett i forhold til elevane</li> <li>- Skulen bruker eit system med fagleg tyngde som støttar seg på nyare forsking innan lesing</li> </ul>  |
| Grunn-leggjande dugleik i rekning              | Elevane har ved utgangen av 10. trinn opparbeidd seg grunnleggande dugleik i rekning som gjer dei godt rusta til å meistre vidare utdanning og til å ta del i samfunnet.       | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Resultat på nasjonale prøver i rekning ligg <i>på eller</i> over landsgjennomsnitt</li> <li>- Resultat på eksamen i matematikk 10. trinn ligg <i>på eller</i> over landsgjennomsnitt</li> <li>- Skulen bruker eit system for å følgje elevane si utvikling i rekning gjennom alle 10 åra i skulen</li> <li>- Lærarane har høg kompetanse innan tal- og rekneutvikling og kan på den måten agere rett i forhold til elevane</li> <li>- Skulen har eit system med fagleg tyngde som støttar seg på nyare forsking innan rekning</li> </ul>   |
| Grunn-leggjande dugleik i å kunne skrive       | Elevane har ved utgangen av 10. trinn opparbeid seg grunnleggande dugleik i kunne skrive som gjer dei rusta til å meistre vidare utdanning og til å ta del i samfunnet         | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane skal bygge opp kompetanse frå det første ordet han/ho seier i ei gruppe, til å halde foredrag for ei heil forsamling; frå å reproduusere kunnskap til å uttrykke eigne meningar og refleksjonar gjennom å grunngje og argumentere, stille spørsmål og forklare tankegang, kommunisere idear, drøfte problem og løysingsstrategiar.</li> <li>- Elevane skal utvikle sin skriftlege dugleik frå å stave enkeltord og formulere enkle setningar, til å kunne skrive både skjønnlitterære tekster og sakprosa på bokmål og nynorsk. Løyse eit problem, og omtale og forklare ein tankegang.</li> </ul> |
| Grunn-leggjande dugleik i munnlege ferdigheter | Elevane har ved utgangen av 10. trinn opparbeid seg grunnleggande dugleik i munnlege ferdigheter som gjer dei rusta til å meistre vidare utdanning og til å ta del i samfunnet | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane skal bygge opp kompetanse frå det første ordet han/ho seier i ei gruppe, til å halde foredrag for ei heil forsamling; frå å reproduusere kunnskap til å uttrykke eigne meningar og refleksjonar gjennom å grunngje og argumentere, stille spørsmål og forklare tankegang, kommunisere idear, drøfte problem og løysingsstrategiar.</li> <li>- Elevane skal utvikle sin skriftlege dugleik frå å stave enkeltord og formulere enkle setningar, til å kunne skrive både skjønnlitterære tekster og sakprosa på bokmål og nynorsk. Løyse eit problem, og omtale og forklare ein tankegang.</li> </ul> |

| <b>Tema</b>                                   | <b>Mål</b>   | <b>Teikn på god praksis</b>   |
|---|--|---|
| Grunnleggjande dugleik i digital ferdigheiter | Elevane har ved utgangen av 10. trinn opparbeid seg digitale ferdigheiter som gjer dei godt rusta til å meistre vidare utdanning og til å ta del i samfunnet | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Auke fokuset på pedagogisk bruk og innhald, og senke terskelen for bruk av IKT i undervisninga.</li> <li>- Skulane i Evje og Hornnes kommune skal ligge i front når det gjeld bruk av IKT i skulen</li> <li>- IKT er eit verktøy som bidreg til læring, variert tilpassa opplæring, god tilgang til informasjon og gode moglegheiter for samhandling og kommunikasjon.</li> <li>- Digital kompetanse vert opplevd som ein gjennomgåande del av opplæringa i tråd med læreplanen.</li> <li>- Læraren har basiskompetanse i bruk av IKT i dei faga dei underviser i.</li> <li>- Eleven kan basisprogramma som vert nytta i skulen.</li> <li>- Elevane nyttar Skooler og Onenote til dei oppgåvane som læraren legg fram.</li> </ul>  |
| Vurdering for læring                          | Eleven kjenner seg att i kor langt eleven har kome i forhold til måla i læreplanen   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevane opplever vurdering for læring i tråd med vurderingsforskrifta</li> <li>- Vurdering for læring har fokus på det positive</li> <li>- Elevane får ei grunna vurdering</li> <li>- Elevane veit kva dei skal lære</li> <li>- Elevane får tilbakemelding på arbeidet sitt</li> <li>- Elevane veit korleis dei kan forbetre seg</li> <li>- Elevane får tilbakemelding fra lærarane i dei ulike faga gjennom eksempel prøver, prosjekt, mappe, framføring, innlevering, samtale</li> <li>- Foreldra er gjort kjende med det eleven har fått vurdering i</li> <li>- Eleven opplever at undervisninga er forankra i måla slik dei er uttrykte i læreplanen</li> <li>- Eleven opplever at læraren bruker måla aktivt i læresituasjonen gjennom refleksjon og rettleiing saman med elevane i forhold til kva som skal lærest og korleis det har gått</li> <li>- Eleven har, som eit minimum, ein systematisert og dokumentert elevsamtal kvart halvår</li> <li>- Elevsamtalen er tilpassa det einskilde klassesteg når det gjeld omfang og grad av konkretisering</li> </ul> |

| <b>Tema</b>              | <b>Mål</b>  | <b>Teikn på god praksis</b>  |
|--------------------------|---|--|
| Samarbeid med heimen     | Godt samarbeid mellom skule og heim   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er god kontakt mellom skule og heim</li> <li>- Samarbeidet bygger på gjensidig respekt</li> <li>- Foreldre/føresette opplever at deira bidrag og synspunkt er viktige</li> <li>- Foreldra/føresette deltek aktivt i skulen sitt opplegg for foreldre</li> <li>- Foreldra/føresette følgjer opp avtalar som blir gjort på konferansar og hjelper eleven med læringsarbeidet heime.</li> </ul>  |
| Tidleg innsats           | Tidleg innsats skal ha fokus  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tidleg innsats vert forstått både som innsats på eit tidleg tidspunkt i eit barns liv, og tidleg innsats når problem oppstår eller vert avdekkja i forskulealder eller i løpet av grunnopplæringa.</li> <li>- Prioritering av førebyggande handling og styrking av kjerneaktiviteten i skulen</li> <li>- Skulen grip inn raskt og på ein adekvat måte når det vert avdekkja behov for ekstra innsats</li> <li>- Strategiar og tiltak for kartlegging og vurdering har fokus på potensialet til eleven</li> </ul>  |
| Trygt og godt skolemiljø | <p>Elevane opplev eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.</p> <p>Elevane opplev at skulen har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.</p> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulane følgjer handlingsplanen for å førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, trivselen og læringa til elevane.</li> <li>- Skulen arbeider for eit skolemiljø der alle opplev meistring og har aksept for ulikskap</li> <li>- Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremme eit trygt og godt psykososialt miljø der den einskilde elev opplev tryggleik og å høyre til.</li> <li>- Skulen vert drive i tråd med kapittel 9A i Opplæringslova.</li> <li>- Skulen har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering</li> <li>- Skulen har eit fysisk innemiljø i</li> </ul> |

|                     |   | <ul style="list-style-type: none"> <li>- tråd med nasjonal standard</li> <li>- Skulen har eit internkontrollsysten som kontrollerer dette</li> </ul>  |
|---------------------|---|---|
| Tema                | Mål   | Teikn på god praksis  |
| Brukarmedverknad    | <p>Skulen skal skape møteplasser for brukarmedverknad gjennom rådsorgana</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Elevråd</li> <li>- Samarbeidsutval</li> <li>- Skulemiljøutval</li> <li>- Foreldreutval</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Rådsorgana arbeider for fellesinteresser som medverkar til eit godt skule- og læringsmiljø</li> <li>- Skulen legg forholda til rette for at foreldremøte og foreldrekonferansar er viktige møteplasser for eit godt samarbeid mellom skule og heim og det einskilde barn si opplæring og utvikling</li> <li>- Skulen si nettside gir god informasjon</li> <li>- Skulen har samarbeid med lokalt næringsliv og legg til rette for at lokalsamfunnet blir involvert i opplæringa slik at skulen blir godt integrert i samfunnet</li> </ul>   |
| Kompetanseutvikling | Skulen er ein lærande organisasjon  | <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skuleeigar og skuleleiinga syter for at det pedagogiske personale får faglege og metodiske kurs og andre kompetansebyggjande tilbod i tråd med nasjonale og lokale mål for skulen.</li> <li>- Skulen har system og rutinar for kartlegging, oppfølging og arkiv.</li> <li>- Skulen legg til rette for erfaringsdeling og kompetanseutvikling</li> <li>- Skuleeigar sørger for at middel avsett til kompetanseutvikling vert nytta til formålet, og ikkje til andre ting.</li> <li>- Skulen har rutinar for samarbeid med andre kompetansesenter og ressurscenter, som PPT, A-BUP, barnevern m.m.</li> <li>- Skulen har ein felles plattform for det pedagogiske arbeidet</li> <li>- Leiinga ved skulen er god til å motivere og få alle med i utviklingsarbeidet.</li> </ul> |

### **3.Tiltaksområde i handlingsplanen.**

Opplæringslova med forskrifter er heimel for delområda i handlingsplanen, og tiltak for kvart område vert skissert i plan for den enkelte skule. Det vert vist til andre lovar og forskrifter som går inn på skulen sitt område, t.d. folkehelselova og forskrift om miljøretta helsevern i skulen.

#### **3.1.Tilpassa opplæring**

Mål:

- Skulen legg til rette slik at den enkelte elev utviklar seg i samsvar med eigne evner og føresetnader.
- Skulen sikrar god kvalitet i opplæringa
- Alle elever skal ha eit godt grunnlag for å gjennomføre vidaregåande opplæring
- Alle elever gjennomfører vidaregåande opplæring

Opplæringslova § 1-3.Tilpassa opplæring seier at ” Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte elev, lærlingen og lærekandidaten»

#### Læringsmiljø

Alle elevar i grunnskuler og vidaregåande opplæring har rett til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Alle elevar har rett til eit trygt, godt og inkluderande læringsmiljø. Med læringsmiljø meiner vi dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betyding for elevane si læring, helse og trivsel. Eit trygt og tillitsfullt læringsmiljø er føresetnaden for å bygge ein lærande organisasjon med læring i sentrum.

#### Vurdering for læring

De fire prinsippa for god undervegsvurdering er sentrale og må sjåast i samanheng:

1. Elevane skal forstå kva dei skal lære og kva som vert forventa av dei
2. Elevane skal ha tilbakemeldingar som seier noko om kvaliteten på arbeidet eller presentasjonen
3. Elevane skal få råd om korleis dei kan forbetra seg
4. Elevane skal vere involvert i eige læringsarbeid ved blant anna å vurdere eige arbeid og eigen fagleg utvikling.

Lokalt arbeid med læreplan ligg til grunn.

Evje og Hornnes kommune har internkontrollsysteem og system for kvalitetsutvikling i tråd med krava i opplæringslova.

#### **3.2. Fysisk aktivitet**

Mål:

- Skulane skal arbeide for å skape eit godt fysisk aktivt miljø.

Forskrift til opplæringslova § 1-1a. Rett til fysisk aktivitet, inneber at elevar på 5.-7.årstrinn skal jamleg ha fysisk aktivitet utanom kroppsøvingsfaget. Til saman skal dette utgjere 76 timer innanfor 5.-7.årstrinn, jf. fag og timefordelinga. Den fysiske aktiviteten skal leggjast til rette slik at alle elevar, utan omsyn til funksjonsnivå, kan oppleve glede, meistring, fellesskap og variasjon i skuledagen.

Skulane har rutine for oppfølging av forskrift om miljøretta helsevern i skulen.

### **3.3. Sosial dingleik**

Mål:

- Barna utviklar god sosial dingleik gjennom trening i samhandling på ulike arenaer.

Formål med opplæringa er mellom anna at elevane skal utvikle kunnskap, dingleik og haldning for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utvikle skaparglede, engasjement og utforskarkrond, jamfør Opplæringsloven § 1-1, 5.ledd.

Fokus på læringsmiljø

Skulane har fokus på eit trygt og godt og inkluderande skolemiljø som fremjar elevane si læring, helse og trivsel. Eit trygt og godt læringsmiljø gir auka læring og reduserer krenkande atferd som mobbing, vald, trakassering og diskriminering.

I kommunen sitt arbeid med kvalitetsutvikling av opplæringa er det lagt vekt på oppfølging av resultat frå elevundersøkinga som verktøy for å få fram elevperspektivet, og for å kartlegge og vurdere læringsmiljøet. Skulane har i tillegg eigne undersøkingar som vert gjennomført gjennom året, samt elevsamtalar.

### **3.4. Samarbeid med heimen**

Mål:

- Kontinuerleg samarbeid skule- heim for å fremje eleven si læring og utvikling
- Tiltaka styrker samarbeidet mellom skule foreldre/føresette.

Samarbeid skule- heim

Et nært og forpliktande samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å realisere dei felles oppgåvane lærarane og foreldra har. Foreldra har hovudansvar for å oppdra barna. Skulen skal støtte barnas utvikling.

Grunnleggjande prinsipp som samarbeidet bør bygge på:

- Samarbeidet lykkas som regel best om føresette og lærarar står fram som eit vi med tydelege målsettingar
- Lærarar og føresette oppfattar kvarandre som likeverdige deltagarar i samarbeidet og møter kvarandre med respekt.
- Lærarar og føresette ser på kvarandre som ressurs i barnet sin oppvekst
- Samarbeidet mellom heim og skule skal bestå av både informasjon, dialog og medverknad.

Brukarmedverknad

Skulane legg vekt på brukarmedverknad gjennom dei organ som er omtala i Opplæringslova Den einskilde skule har eit samarbeidsutval(SU), skolemiljøutval(SMU), elevråd, foreldreråd og foreldrearbeidsutval(FAU).

### **3.5. Arbeid med eit trygt og godt skolemiljø**

Det grunnleggjande kravet til skolemiljø er heimla i Opplæringslova kapittel § 9A Elevane sitt skolemiljø og Opplæringslova kapittel 1.1. Formålet med loven, sjunde ledd.

Mål:

- Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.
- Skulen arbeider aktivt for eit trygt og godt og inkluderande oppvekst- og læringsmiljø for alle barn og unge med nulltoleranse for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.
- Skulane har nulltoleranse mot krenking og arbeidar aktivt for å motverke og stanse krenking som mobbing, vald, diskriminering, trakassering, rasisme, utestenging eller uthenging på skulen eller på skulevegen. Dette gjeld og enkeltståande krenkande ord eller handlingar.

Det er viktig at vaksne engasjerer seg i barna sitt liv. Vennskap motverkar mobbing, og vaksne er viktige rollemodeller og for vennskap. Eit godt læringsmiljø gir auka læring og reduserer mobbing. (Udir.no)

#### Aktivitetsplikt

Opplæringslova § 9 A-4 regulerer handlingsplikta til alle som arbeider på skulen og skulen sitt ansvar for å undersøke og sette inn tiltak, for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø. Det er her fastsatt at alle som arbeider ved skulen har ei aktivitetsplikt som inneber:

- plikt til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø
- plikt til å gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering
- plikt til å varsle rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. Rektor skal varsle skuleigar i alvorlege tilfelle.

Skulen har ei aktivitetsplikt som inneber:

- plikt til å undersøke ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, eller blir utsett for krenking som mobbing, vald, diskriminering eller trakassering.
- plikt til å setje inn eigna tiltak som sørger for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø.

#### Eleven si individuelle rett og subjektive oppleving av eit trygt og godt skolemiljø

Eleven har ein individuell rett til eit trygt og godt skolemiljø, og det er eleven si eiga subjektive oppfatning som avgjer om skolemiljøet er trygt og godt, jf. oppl. § 9 A-2. Skulen og skuleigar har ei plikt til å handle i medhald av aktivitetsplikta, slik at eleven sin rett blir oppfylt.

#### Nulltoleranse mot krenkingar

Skulen skal ha nulltoleranse mot krenkingar, jf. Oppl. § 9 A-3. Døma som nemnast i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men skulane skal ha nulltoleranse og for mindre alvorlege krenkingar. Enten direkte handlingar som til dømes hatytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utestenging, isolering og baksnakking skal ikkje bli tolerert. Kva som er ei krenking skal tolkas breitt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller å vere ueinig er krenkingar. Oppgåva til skulen er og å lære elevar å tenke kritisk og å respektere andre sine meningar og overtydingar, jf. Prop.57 L ( 2016-2017), s.14.

Prinsipp om nulltoleranse vart tatt inn i opplæringslova for å understreke kor viktig det er at skulane har tydelege haldningar på dette området. (Rundskriv Udir 3-2017 Skulemiljø kapittel 4. Nulltoleranse, side 4).

### Definisjon av mobbing

Definisjon av mobbing blir sett ut frå to definisjonar.

Definisjon av mobbing som er utarbeid av Dan Olweus og Erling Roland (1983) er grunnlag for definisjon av mobbing i elevundersøkinga ( Utdanningsdirektoratet).

Definisjonen til Lund, Helgeland & Kowac (2017) er utarbeidd på grunnlag av nyare forsking om mobbing, og er grunnlag i den nasjonale satsinga inkluderande barnehage- og skulemiljø (Utdanningsdirektoratet).

«*En person blir mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlinger fra en eller flere andre personer.*» Olweus & Roland, 1983.

«*Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning.*» Lund, Helgeland & Kovac, 2017.

### Definisjon krenkande åtferd og mobbing

Kva som er ei krenking skal tolkas vidt. Krenkande åtferd er ord eller handlingar som kan få ein til å bli nedstemt, lei seg, sint eller gi eit redusert sjølvbilete. Dette inneber mellom anna mobbing, erting, vold, rasisme, diskriminering, utestenging og uthenging.

Mobbing kan være:

- å bli baksnakka
- å få spreidd eit rykte om seg
- å bli halde utanfor
- å bli pressa eller truga til å gjere ting for andre som ein ikkje vil
- å bli kalla noko stygt eller få ein stygg kommentar til dømes om utsjånad, klede, tru eller dialekt
- å bli slått, dytta eller pirka på
- å få sekken sin, eller noko anna ein eig, kasta rundt
- å ikkje få vere med i grupper på sosiale media
- å aldri få kommentarar eller «likes» på biletar eller andre ting
- å få sårande eller stygge meldingar, biletar og videoar
- at noen spreiar biletar eller video av nokon som er nakne

Kjelde: Utdanningsdirektoratet.no; <https://www.udir.no/nullmobbing/hva-er-mobbing/>

Diskriminering inneber at ein person blir därleg behandla eller trakassert, til dømes på grunn av kjønn, seksuell legning, funksjonsdugleik, tru, hudfarge, nasjonal eller etnisk opphav. Diskriminering kan både vere direkte og indirekte.

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav.

Med vald meiner vi at noen bruker fysisk eller psykisk makt, samt sosiale media for å skade andre.

Med utestenging meiner vi å bli haldt utanfor ei gruppe eller klasse der ein har naturleg tilhøyr.

Med uthenging meiner vi krenkande ord og negativ omtale og på internett eller sosiale media.

Med heimel i Opplæringsloven § 9 A-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid, skal skulen arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapittel 9A blir oppfylte. Alle som arbeider på skulen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vold, diskriminering og trakkassering dersom det er mogleg.

Ordensreglement for den enkelte grunnskule gir regler om åtferd, og korleis elevane skal oppføre seg mot kvarandre på skulen. Det inneholder også reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåte når slike saker skal handsamast. Normer og regler er til for å verne skulen sine verdiar. Ordensreglementet skal saman med førebyggande arbeid beskytte eit inkluderende læringsmiljø.

Skuleeigars internkontrollsysten skisserer tiltak og prosedyrar for skulane i tråd med Opplæringsloven kapittel 9A. I kommunen sitt system for kvalitetsutvikling er det lagt vekt på elevundersøkinga som verktøy for å få fram elevperspektivet, og for å kartlegge og vurdere læringsmiljøet.

### **3.6. Rusførebygging**

Mål:

- Vi har fokus på det førebyggande arbeidet mot rus.
- Barneskulane følger opp tiltak barn i risiko (BIR)
- Skulane følgjer opp tiltak som gjeld skulens område i SLT-arbeidet og interkommunal rusmiddelpolitisk handlingsplan
- Ungdomskulen følger opp foreldreprogrammet «Utsett!» om utsatt alkoholdebut

Ordensreglement for den enkelte grunnskule gir, med heimel i Opplæringslova § 9-5, regler om at det ikkje er lov å ta eller nyte alkohol i eller skolen sine anlegg. Det er nulltoleranse for bruk av rusmiddel. Det same gjeld dersom nokon har med rusmiddel på skulen.

Det er viktig at det rusførebyggjande arbeidet startar tidleg.

Skulane legg vekt på haldningsskapande arbeid og fokus på aktive verdival, samt tverrfagleg samarbeid og foreldresamarbeid.

I Læreplan for kunnskapsløftet (LK-2020) er følgjande områder sentrale når det gjeld rusførebygging i skulen:

- Overordna del og verdigrunnlag i opplæringa
- Tverrfaglege tema, kapittel 2.5. Folkehelse og livsmestring
- Prinsipp for skolens praksis – et inkluderende læringsmiljø

Arbeid med rusførebyggjande arbeid i skulen vert følgd opp i fag der det naturleg fell inn under kompetansemåla i faga.

## **4. Plan for Hornnes barneskule**

### **4.1.Pedagogisk plattform**

For å skape eit godt læringsmiljø der barna kjenner dei høyrer til, vektlegg Hornnes barneskule verdiane tryggleik, trivsel og meistring. Vi vil vidareutvikle ein skule som har trygge rammer for vekst og utvikling.

#### **Elevsyn:**

På Hornnes barneskule er elevane

- i sentrum
- forskjellige
- likeverdige
- interesserte i å lære

Vi ønskjer at elevane

- opplever tryggleik og glede
- er aktive og undrar seg
- opplever meistring
- har høgt læringsutbytte
- ser nytten av å hjelpe kvarandre/samarbeide
- tilhøyrer eit fellesskap

#### **Læringssyn:**

Elevane på Hornnes barneskule lærer best når dei

- har trygge rammer
- opplever trivsel
- er aktive i eigen læringssituasjon
- får samhandle med andre
- møter forventningar om fagleg og sosial meistring
- får bruke ulike læringsstrategiar og varierte arbeidsmåtar
- får konstruktiv respons
- får råd for vidare læring
- får utvikle evna til ei bevisst og gjennomtenkt vurdering av eige arbeid og utvikling

## tryggleik – trivsel - meistring

### **Dette legg vi i tryggleik:**

Alle på skulen skal

- få vere seg sjølv
- lære å kjenne koden i sosialt samspel
- ha aksept for den enkelte
- ha lov å feile
- ha venner

Tryggleik vil vi fremje ved å

- ha kjende rutinar og reglar
- sjå kvart enkelt menneske
- gi rom for å feile
- gi klare beskjedar
- syne gjensidig respekt
- syne omsorg
- felles strategi frå dei vaksne
- vaksne er tydelege leiatar

### **Dette legg vi i trivsel:**

Alle på skulen skal

- ha lyst til å komme på skulen
- ha det godt på skulen
- bli sett kvar dag
- kjenne samhald
- få brukt og vidareutvikla eigne evner
- få jobbe med interessefelt
- bli verdsett
- oppleve personleg vekst

Trivsel vil vi fremje ved å

- ha innbydande og fysisk trivelege rom
- setje eleven i fokus
- lytte til andre
- ha varierte aktivitetar
- nytte ulike arbeidsmåtar
- bruke eleven sitt namn i positive samanhengar
- ha ro og orden
- ta utfordringar
- tilrettelegge
- samarbeide

### **Dette legg vi i meistring:**

Alle på skulen skal

- føle at ein lykkast
- kjenne at ein høyrer til sosialt
- ”produktet” blir godtatt
- våge å prøve noe

Meistring vil vi fremje ved å

- gi differensierte oppgåver
- gi tid til støtte i læringsprosessen
- bruke ulike arbeidsmåtar
- la medelevar få gi positiv respons
- gi ei bevisst og gjennomtenkt vurdering
- gi rom for å vere fornøgd med seg sjølv

## **4.2. Tiltaksområder**

### **4.2.1. Tilpassa opplæring**

Mål: Skulen legg til rette slik at det enkelte barn utviklar seg i samsvar med eigne evner og føresetnader.

Dette gjer vi ved:

Val av metodar

Pedagogisk kompetanse

Tilpassa lærestoff

Hjelpeemidlar

Samarbeid

I leik.

Konkretisering:

- SOL alle klassar, systematisk observasjon av lesing
- Bruk av kartleggingsprøver som reiskap for tilpassa opplæring
- Individuelle opplæringsplanar for elevar som får spesialundervisning
- Tilpassa arbeidsplanar (skulearbeid – lekser – prøver)
- Rom for ulike aktivitetar i klassen
- Alle høyrer til i eit fellesskap
- Elevsamtaalar
- Differensiert lærestoff
- Gode fysiske rammer
- Gjere bruk av ulike konkretiserings- og undervisningsmateriell
- Vektlegge ulike læringsstrategiar
- Styrkingstimar i norsk og matematikk for 1. – 4. årssteg
- Styrkingstimar 5.-7. klasse
- Tilbod om leksehjelp for 1. – 7. årssteg

#### **4.2.2. Fysisk aktivitet**

Mål: Skulen arbeider for å skape eit godt fysisk og aktivt miljø.

Ballbinge  
Symjehall  
Otrahallen  
Variert uteareal  
Naturen rundt oss  
Uteskuleområde med gapahuk

Konkretisering:

- Aktivitetsdag
- Bruk av nærområdet i ulike fag
- Skidag
- Ballturnering
- Tinestafetten
- Sykkelløp
- Idrettsdag
- Ivareta eit variert uteområde
- Uteskule, 1.-4. klasse

#### **4.2.3. Sosial dugleik**

Mål: Barna utviklar god sosial dugleik gjennom trening i samhandling på ulike arenaer.  
(Barn i mellom og mellom barn og vaksne.)

Organisering av læringsituasjonar.

Konkretisering:

- Elevråd
- Klasseråd, 5. – 7. klasse
- Fadderordning
- Vennskapstimar, 1.-4. klasse
- Aldersblanda aktivitetar
- Ordensansvar inne og ute
- Julefest, grillfest, open dag
- Tema i fag
- Nettvett
- Læringspartnar
- Fellessamlingar
- Veke 36, oppstartskampanje Trygt og godt skolemiljø, vennskapsveke
- Samarbeid med barnehagane og Evje barneskule

#### **FADDERORDNING**

Kontaktlærarane set opp datofesta plan for kvart semester over planlagde fellesaktivitetar. Elevane i 6. årssteg er fadrar for 1. årssteg. Elevane i 7. årssteg er fadrar for 2. årssteg.

#### **4.2.4. Samarbeid med heimen**

Mål: Styrke samarbeidet mellom skule og foreldre/føresette

Konkretisering:

- Klasseforeldremøte
- Foreldrekonferansar, haust og vår
- Klassekontaktar
- Tid for å vere tilgjengeleg
- Uformell kontakt
- Vekeplan med aktuell informasjon
- Heimeside
- Portefølje
- Plan for overgang barnehage – skule
- Plan for overgang barneskule – ungdomsskule
- FAU
- Samarbeidsutvalet
- Skolemiljøutvalet
- Arrangement i samarbeid med FAU
  - Open dag
  - Julefestar
  - Grillfest
  - Temakveld
  - Møte med klassekontaktane
  - Dugnad

#### **4.2.5. Arbeid for eit trygt og godt skolemiljø**

Mål: Skulen skal aktivt og systematisk arbeide for å fremje eit trygt og godt psykososialt miljø, der den enkelte elev kan oppleve tryggleik og sosialt tilhør.

For å førebygge mobbing må ein kontinuerleg ha fokus på å skape eit inkluderande læringsmiljø både på skulenivå, klassenivå og individnivå.

Konkretisering:

Skulenivå:

- Bruk av gule vestar ved inspeksjon
- Legge til rette for positive friminuttsaktivitetar
- Felles tema i periodar: Vennskap og relasjonar, meistring, respekt for andre og språkbruk, empati, sosial kompetanse
- Aktivt elevråd
- Vennskapsbenk

Klassenivå:

- Samlingsstund, klassemøte
- Gjennomgå ordensreglane grundig for å få ei felles forståing og handheving
- Lage 3-4 enkle klassereglar
- Fokus på organisering i klasserommet
- Haldningsskapande arbeid, m.a. tema i fag
- Trivselstiltak, ulike aktivitetar
- Bruk av læringspartner i alle klassar for bygging av gode elev-elev relasjonar

Individnivå:

- Minimum to elevsamtalar i året der trivsel og mobbing er tema i samtalen
- Ulike spørjeundersøkingar, m.a. elevundersøkinga
- Foreldrekonferansar
- Skape gode relasjonar mellom skule og heim

#### **Handlingsplan for eit trygt og godt skolemiljø**

##### **Nulltoleranse krenkande åtferd og mobbing**

Skulane skal ha nulltoleranse mot krenkingar som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering, og for mindre alvorlege krenkingar.

##### **Mål:**

Lærarane, elevane og foreldre/føresette skal hindre at elevar blir utsette for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering.

Skulen vil satse på trivselstiltak for elevane, positive elevaktivitetar og tverrfagleg samarbeid om eit trygt og godt oppvekstmiljø.

## **Retten til eit trygt og godt skulemiljø**

Retten til eit trygt og godt skulemiljø gjeld for alle elevar i grunnskulen og for elevar som deltek på leksehjelp, og i skulefritidsordning. Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

Skulen har nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane. Rektor har ansvar for at dette blir gjort.

Med eit trygt og godt miljø meiner vi dei mellommenneskelege tilhøva på skulen, det fysiske og psykososiale miljøet, og korleis elevane opplever dette. Miljøet på skulen skal verke positivt på elevane si helse, trivsel, tryggleik og sosiale tilhøve.

Det er den enkelte elev sin subjektive oppleving av skulemiljøet som er utgangspunkt for skulen sin handtering av saka.

### **Førebyggande arbeid:**

- 1) Når skulen tar til om hausten, set elevar og kontaktlærar opp noen konkrete klassereglar for eit trygt og godt klassemiljø, og gjennomgår ordensreglane.
- 2) Elevane skal få vite at det ikkje er sladring å melde frå om krenking.
- 3) Skulen arrangerer trivselsskapande aktivitetar og tiltak der ein øver opp sosial kompetanse.
- 4) Ved klasseforeldremøte om hausten tar ein opp korleis skulen arbeider med eit trygt og godt skulemiljø.
- 5) Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø.
- 6) Klasseråd og elevråd er arenaer for å ivareta elevane sine interesser og arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø.

Rutine når skulen har mistanke om eller har kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø er ein del av internkontrollsystemet til skuleeigar, og forskrift om ordensreglement for Hornnes barneskule.

### **4.2.6. Rusførebygging**

Mål: Vi vil halde ved like det førebyggande arbeidet mot rus.

- Tverrfagleg samarbeid
- Halningsskapande arbeid
- Aktive verdival
- Barn i risiko ( BIR)

Konkretisering:

- Tema i fag som KRLE, samfunnsfag, mat og helse
- Tema foreldremøte
- Fast kontortid helsesjukepleiar
- Ressursperson Barn i risiko ( BIR)
- Årshjul for oppfølging av tema med personalet barn i risiko (BIR)

### 4.3.Årshjul

#### Årshjul 1. – 4. klasse

| <b>tid</b>        | <b>Aktivitet</b>                               | <b>tiltaksområde</b>                         | <b>ansvar</b>       |
|-------------------|--|--|---------------------|
| august            | Plan for fadderordning                         | sosial dugleik                               | kontaktlærar 1., 2. |
| august            | Gjennomgå ordensreglar, lage 3-5 klasseregular | Trygt og godt skolemiljø/arbeid mot mobbing  | kontaktlærar        |
| august/ oktober   | Trafikkopplegg – refleks, gangfelt             | sosial dugleik                               | kontaktlærar        |
| september         | Oppstartsamtale med føresette 1. klasse        | samarbeid skule -heim                        | kontaktlærar        |
| september         | Foreldremøte for klassen                       | samarbeid skule -heim                        | kontaktlærar        |
| september         | Vennskapsveke, v.36                            | Trygt og godt skolemiljø/arbeid mot mobbing  | team 1 - 4          |
| september         | Foreldremøte IOP                               | tilpassa opplæring                           | spes.ped. rettleiar |
| september         | Bærtur, bruk av nærmiljø                       | fysisk aktivitet                             | team 1- 4           |
| september         | Venneskapstime ut skuleåret                    | sosial dugleik                               | team 1- 4           |
| oktober           | Elevsamtalar                                   | Trygt og godt skolemiljø/arbeid mot mobbing  | kontaktlærar        |
| oktober           | Besøk i barnehagen, 1. årssteg                 | samarbeid skule-heim                         | kontaktlærar 1.     |
| oktober/ november | Foreldrekonferansar                            | samarbeid skule-heim                         | kontaktlærar        |
| desember          | Adventssamlingar                               | sosial dugleik                               | team 1 - 4          |
| desember          | Juleverkstad                                   | sosial dugleik                               | team 1 - 4          |
| desember          | Førjulsfest med foreldre og søsken             | sosial dugleik                               | team 1 - 4          |
| desember          | Skulegudsteneste og alternativt markering      | sosial dugleik                               | rektor              |
| januar/ februar   | Vinteraktivitetar                              | fysisk aktivitet                             | kontaktlærar        |
| februar           | Temakoveld                                     | samarbeid skule-heim                         | FAU                 |
| mars/april        | Skidag   | fysisk aktivitet                             | team 1 - 4          |
| Mars              | Open dag                                       | samarbeid skule-heim                         | rektor              |
| mars/april        | Matematikkens dag/veke                         | sosial dugleik                               | team 1 - 4          |
| April             | Elevsamtalar                                   | Trygt og godt skolemiljø/ arbeid mot mobbing | kontaktlærar        |
| mars/april        | Foreldrekonferansar                            | samarbeid skule-heim                         | kontaktlærar        |
| April             | Kartleggingsprøver lesing, rekning             | tilpassa opplæring                           | kontaktlærar 1-3    |
| Juni              | Aktivitetsdag                                  | fysisk aktivitet                             | team 1 - 4          |
| Juni              | Klasseturar                                    | sosial dugleik                               | kontaktlærar        |
| Juni              | Grillfest for heile skulen                     | sosial dugleik                               | rektor - FAU        |

### Årshjul 5. – 7. klasse

| <b>Tid</b> | <b>Aktivitet</b>                                    | <b>tiltaksområde</b>                         | <b>ansvar</b>           |
|------------|---|--|-------------------------|
| August     | Plan for fadderordning                              | sosial dugleik                               | kontaktlærar 6., 7.     |
| August     | Gjennomgå ordensreglar, lage 3-4 klasseregular      | Trygt og godt skolemiljø/arbeid mot mobbing  | kontaktlærar            |
| August     | Kanopadling, Evjetun                                | fysisk aktivitet                             | kontaktlærar            |
